

Folkekulturfestivalen

Hamar 30. juli – 2. august 2009



Velkomen til Folkekulturfestivalen 2009

Fylkeslaget Varden i samarbeid med Folkedanslaget Sølja og andre lokallag skipar til neste års folkekulturfestival på Hamar.

Førebels program (med atterhald om endringar)

Måndag 27. juli - onsdag 29. juli
Kurs og sosial samling for ungdom med interesse for folkedans, folkemusikk, teater eller forming: Noregs Ungdomsring (NUR)

Onsdag 29. juli

- Avslutning for NUR
- Nattdans

Torsdag 30. juli

- Årsmøte Noregs Ungdomslag
- Kurs for vaksne og barn – formiddag og ettermiddag
- Bunadutstilling
- Festivalopning med Hedmarkskveld. Lokale artistar opptre (musikk, song, teater etc.)
- Nattdans

Fredag 31. juli

- Årsmøte Noregs Ungdomslag
- Kurs for vaksne og barn – formiddag og ettermiddag
- Bunadutstilling
- Barneleikfest
- Storgardsball med middag. Musikk: Over Stok og Steen
- Dansekveld med bygdedans og runddans i fleire salar
- Nattkonsert i Hamardomen

Laurdag 1. august

- Bunadutstilling
- Bunad- og fanetog
- Dans i sentrum
- Premiere Sans for dans 2009

- Framsyningskappleik, Spelmerke og Feleknappen
- Leikfest med middag. Musikk: Over Stok og Steen. Dans i fleire salar med lokale musistarar
- Nattdans

Søndag 2. august

- Festivalslutt med stemnegudsteneste i Hamar Domkyrkje

Kurs for vaksne

Tradisjonskost frå Hedmarken
Elverumspols
Finnskogspols
Vangmazurka
Kveding
Husflid
Handverk
Bunadseminar

Kurs for barn

Munnharpe
Teaterleik
Dans for barn
Handverk
Baking
Dette leika vi på Hedmarken

I tillegg:


- Teateraktivitetar
- Turopplegg i nærområdet
- Museumsvandringar



© Hedmarksmuseet, Hamar-regionen Reiseliv, Jan Schröder

Familievenleg, ungdomsvenleg, venleg mot alle

Hamar er ein spanande sommarby som kan by på skøyteis i Vikingskipet og bading i Mjøsa eller Ankerskogen svømmehall på same dag! Skatarar og volleyballentusiastar kan boltre seg på Koigen i eitt av dei mest moderne anlegga i landet. Hjuldamparen Skibladner kan ta deg med på ein rundtur på Mjøsa. Du kan vitje Domkirkeruinane og få ein smak av middelalderen eller sjå på OL-anlegga og Jernbanemuseet.



© Hamar kommune

Overnatting

Det er fleire hotell og andre moglege overnattingsstader i Hamar og omegn. Med dei tre første har vi avtale om festivalprisar ved bestilling før 1. mai 2009:

- Vikingskipet motell og vandrerhjem
- Scandic hotell
- Victoria hotell
- Camping: Mjøsa ferie- og fritidssenter ved Brumunddal
- Sovesal på skule

Meir informasjon: <http://www.hamarregionen.no>



Arrangørane

Noregs Ungdomslag er ein landsdekkande kulturorganisasjon med over 16 000 medlemmar. Ungdomslagsrørsla har eit unikt mangfald og lokallaga driv med aktivitetar knytt til folkedans, teater, bunad og barne- og ungdomsaktivitetar.

Varden er NU sitt fylkeslag i den sørlege delen av Hedmark. Varden er lokal arrangør i samarbeid med ni lokallag i fylket. Folkedanslaget Sølja i Hamar står for storparten av det praktiske arbeidet.



© NU og Jan Schrøder

Kontaktopplysningar:

Festivalleiar Arnfinn Nes, Orreflot, 2353 Stavsjø

Epost: arnf-nes@online.no

Noregs Ungdomslag

Tollbugata 17, Postboks 414 Sentrum, 0103 Oslo

Telefon: 24 14 11 10

Epost: post@ungdomslag.no

www.folkekulturfestivalen.no

www.ungdomslag.no

www.varden.name

www.solja.info